



Surnadal kommune

Plan og utvikling

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Melding om vedtak

Dvkkar ref:

Vår ref
2014/1033-29

Saksbehandlar
Råg Ranes

Dato
16.12.2014

Prosessplan for arbeidet med kommunereforma i Surnadal kommune 2015-våren 2016

Surnadal kommunestyre har i møte 11.12.14 fatta følgjande vedtak:

1. Surnadal kommunestyre godkjenner prosessplanen som framlagt.
2. Det skal gjennomførast ei nettbasert innbyggerundersøking i 2.kvartal 2015.
3. Rådmannen blir kommunen sin kontaktperson opp mot Fylkesmannen.
4. Ordføraren blir prosjektleiar i kommunereformprosessen.

Sakspapira med vedtak følgjer som vedlegg til dette brevet.

Med helsing

Råg Ranes
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Saksframlegg

Utvale	Utvalessak	Møtedato
Kommunestyret	100/14	11.12.2014

Prosessplan for arbeidet med kommunereforma i Surnadal kommune 2015-våren 2016

Vedlegg

- 1 Forventningssbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal
- 2 Forslag til mal
- 3 Kommunestyremøtet 18.11.14 - oppsummering av gruppearbeid
- 4 Skjematisk prosessplan 2015-våren 2016

Viktige linkar:

- www.nykommune.no
www.kommunereformen.no
www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal
www.ks.no/More-og-Romsdal
www.kdu.no

Saksopplysningar

Frå stortingsvedtaket om kommunereforma 18.06.14 heiter det at alle kommunar har ei utgreiingsplikt. Kommunane skal vurdere kommunereforma i tre fasar fram til sommaren 2016 (sjå vedlegg 1): oppstartsfasa hausten 2014, utgreiingsfasa i 2015 og vedtaksfasa våren 2016. Denne saka gjeld avslutninga av fase 1, der kommunestyret skal vedta ein prosessplan for fase 2 og 3, som skal ende opp i eit endeleg vedtak våren 2016.

Surnadal kommunestyre var samla til møte om kommunereforma tysdag 18.november. Ungdomsrådet og einingsleiarane var og invitert til dette møtet. Gjennom gruppearbeid fekk vi innspel til prosessplanen. Innspela frå gruppearbeidet er å finne i vedlegg 3.



Det sentrale i arbeidet frå januar til juni 2015 er god dialog og god forankring av faktabasert grunnlag hos innbyggjarane, organisasjonar,

næringsliv, tilsette (tillitsvalde) og ungdom i kommunen. Alle partar må få kome med si meining i prosessen og alle har eit ansvar for at debatten skjer på ein god måte.

Målet for reforma er uttrykt slik:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.
- Heilheitleg og samordna samfunnsutvikling.
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar.
- Styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar fleire oppgåver.

Overordna spørsmål som kan vere aktuelle for diskusjon i Surnadal kommunestyre kan vere:

- Kor godt klarer kommunen å stå aleine i 20-30 år framover?
- Er kommunen avhengig av ein eller fleire nabokommunar for å levere lovpålagte tenester til sine innbyggjarar?
- Kor omfattande kan eit interkommunalt samarbeid vere før samarbeidsulempene blir større enn fordelane?
- Kva for utfordringar står ein ovafor når det gjeld å ivareta kommunale oppgåver?
- Kva for gjennomføringsevne har kommunen på dei ulike områda kommunen har ansvaret for?
- Greier kommunen å nå dei mål den har satt seg?
- Kva er visjonar og mål for framtidig utvikling?
- Kva skal til for å realisere desse måla, og kva for effektar kan ein oppnå gjennom å bli ein del av ein større kommune (mulegheitsbilete)?

Prosjektorganisering

Viss ein skal gjennomføre denne omfattande prosessen med mange parallelle aktivitetar innan tidsfristen, bør dette arbeidet organiserast slik:

Kven	Rolle	Korleis
Kommunestyret	Prosjekteigar	Statusorientering i kvart kommunestyremøte januar-juni 2016 (om nødvendig i ekstraordinære møte)
Formannskapet + rådmannen, hovudtillitsvald og ungdomsrepresentant	Arbeidsgruppe	Statusavklaring/drøfting i samband med formannskapsmøta i perioden januar- juni 2016 (om nødvendig i ekstraordinære møte).
Rådmann	Prosjektleiar	Koordinerer og er ansvarleg for å gjennomføre alle aktivitetar jf. mål og plan. Rådmannen oppretter adm. støttegrupper for ulike deloppgåver.
Eigne arbeidsgrupper etter oppdrag	Forankre, avklare og formidle tilsette sin e behov.	Møte og aktivitetar etter behov og informasjon frå sentrale myndigheter, andre kommunar og KS.
Ungdomsrådet	Planlegg,	Planlegg, deltek og informerer på tradisjonelle og

	gjennomføre og informere om alle aktivitetar der barn og unge skal delta.	sosiale media under gjennomføringa av folkemøte og skuleaktivitetar.
Eldrerådet	Delta i planlegging og å delta i gjennomføringa av aktivitetar.	Særleg viktig at eldrerådet tek stilling til korleis ein eventuell nettbasert innbyggarundersøking skal gjennomførast for å oppnå god deltaking frå eldre. Her kan det tenkast ulike former for støttefunksjonar heimebasert eller på kommunehuset.

Status og utfordringar

Kommunen må gjere seg opp ei meining om kor vi står i dag, og kva som er våre viktigaste utfordringar i dei nærmaste 20-30 åra. Planstrategi, kommuneplan, fylkesmannen sitt kommunebilde og statistisk materiale vil vere viktige grunnlagsdokument. Våre utfordringar må vurderast opp mot ekspertutvalet sine kriterium. Ut frå utfordringsbildet må vi sjå på kva for alternativ som det kan vere tenleg å sjå på. Kommunestyret må vedta statusbeskriving og utfordringsbilete på møtet 12. mars.

Administrasjonen er her i gang med å sortere og oppsummere innspeila frå kommunestyremøtet 18. nov.



Folkemøte/ temamøte/ involvering

Kommunen sin status og utfordringar framover må presenterast for kommunen sine innbyggjarar. Det er også viktig å involvere dei tilsette på ein god måte. Vi må derfor ta stilling til kva som skal til for å involvere innbyggjarane, organisasjonar og tilsette på ein god måte.

Kommunestyret har gjeve innspel om at det skal gjennomførast folkemøte i alle skulekretsar. Det kom også inn eit forslag på eit felles folkemøte som ein oppstart for heile prosessen, der ein kan orientere om kva som ligg bak Stortinget sine ønske.

På folkemøta i skulekretsane bør temaata vere:

- Faktagrunnlag og demografi.
- Samanslåing av fleire kommunar eller ikkje?
- Samanslåing nordover eller sørover?
- Kva for tenester bør styrast lokalt frå kommunehuset, og kva for tenester kan styrast frå andre stader?

Alle folkemøta bør gjennomførast i perioden mars-mai 2015.

På folkemøta kan vi ha anonyme undersøkingar som avsluttar møta. Dette skjemaet kan gi gode indikasjonar på kva folk ønsker etter kor dei bur i kommunen.

I tillegg bør det arrangerast opne møte med næringslivet og lag og organisasjonar.

For å få råd og idear undervegs i prosessen, er det foreslått å etablere lokal Tenketank. Det kan vere 13-14 personar som representerer næringslivet, lag og organisasjonar, ungdommen, kulturlivet, pensjonistforeninga, eldrerådet m.v.

Informasjonsstrategi/ Nyheitsbrev

Forsлага frå gruppearbeidet legg vekt på at vi bør legge stor vekt på å nå ut med informasjon gjennom eige område på heimesida, eige nettforum (eks. facebook), utsendte informasjonsskriv m.m. Fortlopande bør det leggast ut nyheitsbrev og referat til befolkninga på kommunen si heimeside. Samla innkalling til folkemøte skal annonserast i lokalavisa. Det skal tilstrebast at lokalpressa blir invitert på alle aktivitetar, serleg på folkemøta.

Kommunestyret og formannskapet får ei oppdatering på alle sine møte.

Tilsette

I første omgang skal dei tilsette orienterast av sine einingsleiarar (i samarbeid med rådmannen si arbeidsgruppe) om prosessen og hendingar av allmenn interesse.. Behovet for større drøftingsmøte/ allmøte for dei tilsette vil bli vurdert fortløpande, etter nærmare drøfting i arbeidsgruppa og med hovudtillitsvalde. Dette vil spesielt vere nødvendig ved strukturelle endringar.

Erfaringsutveksling med andre kommunar

Det er allereie etablert ulike fora for å utveksle erfaringar med andre kommunar. Orkide vil tilsette eigen prosessleiar. Det har elles vore samtalar med våre nabokommunar Halsa, Rindal og Sunndal, mens vi har invitert nabokommunane rundt Trollheimen til møte 18. desember.

Folkeavstemming eller innbyggarundersøking

Surnadal kommune bør ta stilling til dette valet i behandlinga av denne saka. Viss ein vel rådgivande folkeavstemming svarar ein berre ja eller nei, og kan kanskje kunne velje berre nokre få «pakkar» for kommunesamarbeid viss «ja».

I ei spørreundersøking kan ein lettare legge inn spørsmål som nyanserer val og preferansar både om ei kommunesamslåing skal gjennomførast og om innhaldet i eit eventuelt samarbeid/samanslåing. I ei spørreundersøking kan ein betre legge inn ein betre variasjon i spørsmåla. Fylkesmannen har derfor rådd til at kommunane heller nyttar ei befolkningsundersøking enn folkeavstemming. Kommunal og moderniseringsdepartementet held no på å utarbeide ei slik spørreundersøking som alle kommunane kan velje å bruke.

Spørreundersøkinga bør gjennomførast i april/mai, mens ei folkeavstemming bør gjennomførast samtidig med kommunevalet.

Aktivits- og milepælsplan

Vedlagt er forslag til ein lokal milepælsplan som viser dei ulike aktivitetane vi meiner det er viktig å gjennomføre for å sikre ein god prosess slik at kommunestyret våren 2016 er i stand til å fatte eit vedtak. Aktivitetsplanen kan og bør justerast etter kvart som prosessen går framover.

Vurdering

Kommunereformprosessen er ein omfattande prosess som skal gjennomførast på relativt kort tid. Prosessen vil kreve betydelege administrative og politiske ressursar. Administrativt vil rådmannen i tillegg til seg sjølv involvere kommunalsjef plan og utvikling, info.medarbeidaren og plankonsulenten i dette arbeidet.

Rådmannen meiner prosessplanen (skjematiske framstilt i vedlegg 4) vil gi eit godt grunnlag for ein god prosess. Det er liten tvil om at mykje er usikkert om kva veg prosessane rundt om i kommunane tek. Det er derfor viktig at prosessplanen etter behov blir justert og tilpassa dei utviklingstrekk som måtte oppstå.

Rådmannen vil anbefale at det blir gjennomført ei innbyggjarundersøking, for at ein på eit meir utfyllande vis skal kunne hente inn synspunkt på korleis befolkninga ønsker kommunestrukturen skal vere. Kommunestyret må underveis i prosessen vurdere om endelig forslag våren 2016 må opp til folkeavstemming.

Rådmannen si tilråding

1. Surnadal kommunestyre godkjenner prosessplanen som framlagt.
2. Det skal gjennomførast ei nettbasert innbyggjarundersøking i 2.kvartal 2015.
3. Rådmannen blir kommunen sin kontaktperson opp mot Fylkesmannen.

Behandling i Kommunestyret - 11.12.2014

Forslag:

Lilli Husby sette fram følgjande forslag til nytt pkt. 4:

Ordføraren blir prosjektleiar i kommunereformprosessen.

Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

Forslaget frå Lilli Husby vart samrøystes vedteke.

Kommunestyret sitt vedtak:

5. Surnadal kommunestyre godkjenner prosessplanen som framlagt.
6. Det skal gjennomførast ei nettbasert innbyggjarundersøking i 2.kvartal 2015.
7. Rådmannen blir kommunen sin kontaktperson opp mot Fylkesmannen.
8. Ordføraren blir prosjektleiar i kommunereformprosessen.